



Nordfjord Miljøverk - NoMil - er eit interkommunalt selskap for kommunane Bremanger, Gloppen, Kinn, Stad og Stryn kommune. Selskapet si hovudoppgåve er knytt til avfallshandtering i kommunane. Selskapet har hovudkontor på Sandane og renovasjonsavdeling på Nordfjordeid og i Florø.

FORMANN, FARLEG AVFALL & GJENBRUKSSTASJON

Vi søker etter ein kollega, som vil få ansvaret for den daglege drifta av mellomlager for farleg avfall og gjenbruksstasjonen i Gloppen.

Arbeidsoppgåvene vil i hovudsak vere:

Mottak, sortering og handtering av farleg avfall

Drift av gjenbruksstasjon

Journalføring

Pakking og klargjering av farleg gods

Tilsyn med lager for farleg avfall

Rettleiing av kundar med omsyn til sortering

Vi ser etter deg som:

Er nøyaktig, strukturert og pålitelege

Jobbar sjølvstendig, systematisk og etter føre-var-prinsippet

Har gode haldningar til sikkerheit og bruk av verneutstyr

Er lærevillig, og kan tileigne seg ny kunnskap

Tek initiativ til å få ting gjort

Har gode munnlege og skriftlege norskkunnskapar, og kan handtere dataverktøy.

Erfaring med handtering av kjemikalie eller farleg avfall vil vere eit stort pluss. Tilsett vil få opplæring, og grunnleggande forståing for kjemi er avgjerande for arbeidet. Søkar som ikkje har truck- og maskinførarbevis må ta dette ved tilsetting.

Vi tilbyr:

Fast 100% stilling i ein framtidretta bransje.

Sjånse til å utgjere ein forskjell for miljøet kvar dag

God pensjonsordning

Stillinga rapporterer til driftsleiar, og vil samarbeide nært med miljøkonsulent.

Om dette høyrer interessant ut, ta kontakt med Frode Denk tlf 915 31 042.

Søknad og cv sendast til post@nomil.no og merkast med «formann, farleg avfall og gjenbruksstasjon»

Søknadsfrist: 4.oktober